



KVINNHERAD
K O M M U N E

Sektor Teknikk og Miljø

Åge Emil Prestnes
Prestnesvegen 74

5450 Sunde I Sunnhordland

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Grethe Sandvik	918 99 796	2022/2646-11		16.05.2022

Grunnavtale - 147/11 - Slamavskiljar - Prestnes

Viser til sak som gjeld bygging av slamavskiljar og legging av leidning for spillvatn og overvatn over eigedom 147/11 i samband med prosjekt 5115 Avløp Røssland – Kaldestad, Prestnes Delområde E.

Kommunen mottok signert grunnavtale pr post 2.7.2020, sjå vedlagt kopi. Eigarane på eigedom 147/11 var då Margunn Aksnes, Johannes Malvin Prestnes, Åge Emil Prestnes og Berit Karin Tangstad. No ser eg at det har vore eigarskifte på eigdommen, og eigdommen er 24.06.2021 overdratt til Åge Emil Prestnes og Anne Karin Leirvik.

Grunnavtale som gjeld rett i eigedom bør tinglyst, og må då endrast til å gjelde dagens eigarar. Vedlagt finn de nytt utkast til grunnavtale for eigdommen gnr 147 bnr 11, med vedhefta kartskisse. Dersom de har spørsmål eller merknader til avtaleutkastet, så ver vennleg å ta kontakt med meg på mobil: 91899796 eller e-post: grethe.sandvik@kvinnherad.kommune.no. Dersom de finn avtalen tilfredsstillande, så bed vi om at de signerer og returnert to eksemplar av grunnavtalen i vedlagt returkonvolutt. Avtalen vil då bli signert av ordførar og tinglyst, og de vil få tilsendt ein kopi av ferdig signert og tinglyst avtale.

Ut frå notat etter møte med grunneigarane fredag 16.04.2021, så ser eg at det er avtalt ulempeerstatning kr 10 000,- og kompensasjon for teknisk bygg kr 5 000,-. Dette vil bli utbetalt til grunneigar sin konto snarast råd etter at grunnavtalen er tinglyst.

Oppmålingsforretning for reetablering av grensemerke mellom 147/24 og 147/11 som er blitt fjerna av anleggsarbeidet er bestilt som avtalt.

Med helsing
KVINNHERAD KOMMUNE

Grethe Sandvik
Rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.